



RUSTEN

Av John Amundgaard, april 1984, «Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda»

Bruk under søre Kleiven i Ottdalen. Kva tid desse bruka i øvergrend vart rydda er ikkje godt å seia, men same slektin har nok sete her i fleire generasjonar. Dei siste som budde i Rusten var Torline f. Rusten og Johan Hovda og sønene deira Hans og Knut. Hans Rusten (1900) vart gift med Anne Baarstad (1900). Dei bygde og busette seg på Lalm. Då Torline som budde her lengst flytte frå, vart bruket lagt til garden att. Og eigar nå er Inge M. Hanslien.